

# Budsjettavtale mellom Eid Venstre og Eid Senterparti

## *Avtalen gjeld Budsjett 2014 og Økonomiplan 2015-2017 for Eid kommune*

Venstre og Senterpartiet er samde om endringar i budsjettet for 2014 og økonomiplan 2015-17 som sikrar at Eid kommune:

- Held oppe rammene til skulane og pleie-/omsorgsinstitusjonane, og dermed sikrar kvaliteten i dei grunnleggande kommunale tenestene i Eid
- Startar bygging av nytt omsorgssenter fyrste halvår 2015
- Startar bygging av ny fleirbrukshall ved Nordfjordeid skule i 2015

For å finansiere bygging av omsorgssenter/fleirbrukshall utan å måtte gjere kraftige kutt i kjerneoppgåvene til kommunen, er partia samde om å innføre eigedomsskatt på bustader i Eid kommune frå 2014. Partia eg óg samde om å føre ein stram budsjettpolitikk. Ein skal m a gjennomføre eit samla omstillingsarbeid i den kommunale drifta som foreslått av rådmannen, og ikkje gjennomføre andre større investeringsprosjekt utan at desse er finansiert på anna måte (t d sjølvkost).

### **Framlegg til budsjett og økonomiplan 2014 og økonomiplan 2015-2017 frå V/SP (tabell 1 i budsjetteftet "balansert budsjett" vert lagt til grunn for framlegget):**

1. **Eigedomsskatt** blir innført på bustader med 0,2 % i 2014 og auke til 0,4% i 2015. Inntektene frå eigedomsskatt skal gå til å dekke kapitalutgifter til nytt omsorgssenter (Startløyving i 2014 og byggestart fyrste halvår 2015) og ny fleirbrukshall ved Nordfjordeid skule (Startløyving i 2014 og byggestart 2015). Rådmannen får i oppgåve å legge fram eig a sak om innføring av eigedomsskatt til kommunestyremøte 12.12.2013.

1a. **Nytt omsorgssenter** skal byggast i tråd med vedtatt prosjektplan.

1b. **Ny fleirbrukshall ved Nordfjordeid skule** skal byggast med utvida banestorleik tilsvarande handballbane, men elles med fasilitetar som skissert i føreliggande prosjektplan. Prosjekt- og romplan og tippemiddelsøknad skal tilpassast dette. Det skal snarast råd leggest fram ei sak som syner revidert kostnad-/finansieringsplan for ei slik utvida halløysing. Ein føreset at auke i brutto kostnadsramme for prosjektet er omlag 9 mill kr, og at ca 1/3 av dette vert finansiert av spelemidlar. Saka skal også innehalde ein skisseplan for best mulig samla utnytting av arealet ved Nordfjordeid skule med ny fleirbrukshall, gode uteareal og muligheter for evt framtidig utbygging av klasseromsarealet.

1c. **Auka handlingsrom som sikrar kvalitet i tenestene:** Netto auka inntekter frå eigedomsskatt i 2014 vert føreset å utgjere 2,5 mill kr. Då inntektene frå eigedomsskatten vil vere større enn dette frå 2015, vert avkastninga frå aktiv forvaltning justert opp med kr 1,2 mill kr som eit eingongstiltak i 2014. Saman med andre innsparingstiltak på 1,1 mill kr som skissert lenger nede i framlegget, gir dette kr 4,8 mill kr meir til fordeling drift i 2014, og ytterlegare 3-4 mill kr meir årleg i 2015-17. Partia er ut frå dette samde om å skjerme skulen og pleie- og omsorgsinstitusjonane i økonomiplanperioden, og å redusere kutta i rammene til ein del andre kommunale tenester. Partia er også samde om at det ikkje skal gjerast endringar i skulestrukturen i denne valperioden.

2. **Oppvekst og kultur** får auka ramma med kr 3 100 000. Auka ramme skal nyttast til å halde oppe dagens nivå på lærartettleik i skulen (2,9 mill) og aktivitetsnivå i kulturskulen (0,2 mill).

3. **Pleie og omsorg** får auka ramma med kr 800 000,-. Auken i ramme skal nyttast til å halde oppe bemanninga på dagens nivå på Eid Eldretun og til å styrke budsjettet til heimeteneste/psykiatri.

4. **Helse og Sosial** får auka ramma med kr 500 000,-. Auken i ramme skal nyttast til å halde opp satsinga på førebyggjande arbeid (SLT-koordinator), jordmorteneste og samhandlingstiltak (fys/ergo) og til å styrke budsjettet til vernepleia.

5. **Teknisk sektor** får auka ramma med kr 400.000,-. Rådmannen får i oppgåve å fordele auken.

6. **Investeringar**: Tabell i budsjetteftet vert lagt til grunn med endring i punktet om fleirbrukshall/gymsal Nordfjordeid skule for budsjettåret 2015 (sjå framlegg over).

#### 7. **Inndekking:**

Auka inntekter eigedomsskatt: 2,5 mill kr

Auka bruk av avkasting aktiv forvaltning: 1,2 mill kr

Redusert kommunal eigendel ressurskrevjande brukarar: 0,5 mill kr

Redusert vekst kyrkja: 0,1 mill kr

Halde på dagens nivå på tenestekjøp IKT Driftssenter: 0,4 mill kr

Kutt finansiering skulefrukt frå hausten 2014: 0,1 mill kr

**Sum: 4,8 mill kr**

#### 8. **Verbalforslag:**

- a) Det skal gjennomførast eit prosjekt i 2014 som tek sikte på å oppnå innsparingar som vist i rådmannen sitt framlegg til budsjett, og der ein utgreier mulige strukturtiltak i alle sektorar.
- b) Kommunestyret ønskjer å få fram ei sak om mulig samlokalisering av ressurskrevjande brukarar
- c) Kommunestyret ønskjer å få fram ei sak om å få VTA-plassar til Eid (Varig tilrettelagde arbeidsplassar)
- d) Kommunestyret vil innføre krav om nullutsleppskøyretøy ved kommunal billeasing der det er praktisk mulig og økonomisk forsvarleg allereie i 2014
- e) Kommunestyret vil på nyåret ha fram ei sak om oppstartstilskot på 200.000 til "VAKN vidare" i 2014 frå disposisjonsfond, som del av spleiselag med handelsnæringa og dei store kulturaktørane i Eid for å skape synergjar og ny næringsverksemd knytt til opplevings- og handelsnæringane. Ein syner til eiga sak om utviding av aksjekapitalen i VAKN på ekstraordinær generalforsamling
- f) Det årlege tilskotet til Harpefossen vert auka til kr 200.000 frå 2014
- g) Rammeområdet Politisk styring får auka ramma med kr 50.000 innanfor den samla ramma til Sentraladministrasjonen. Midlane skal nyttast til betre finansiering av partilaga. Det vert lagt fram eiga sak om dette i budsjettåret.
- h) Kommunestyret ønskjer at det blir lagt fram sak til relevant politisk organ om innføring av "langturnus" i pleie og omsorg
- i) Eid kommune har ikkje vidareført ruskonsulentstilling etter avslutta prosjektperiode. Kommunestyret ber om at det vert lagt fram ei sak til relevant politisk organ der det vert redegjort for konsekvensane av å fjerne stillinga

28. november 2013

**Eid Venstre v/ Gunvald Ludvigsen**

**Eid Senterparti v/ Sigurd Reksnes**